



forum for  
natur og friluftsliv  
i  
Sogn og Fjordane

Vassregionmynda for Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger  
[Postmottak.Sentraladm@sfj.no](mailto:Postmottak.Sentraladm@sfj.no).

Leikanger 30.03.2015

## Fråsegn til regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion frå FNF Sogn og Fjordane.

FNF i Sogn og Fjordane er svært positiv til oppfølginga av den norske vassforskrifta og målsetjingane om å forbetre vassmiljøet i Sogn og Fjordane. Vassregionmynda (VRM) i fylket har lagt ned eit stort, ambisiøst og godt arbeid med ein dyktig, kompetent og inkluderande prosjektgruppe. Vi er svært takksame for at vassmiljøet no er sett i fokus. Vi meiner at vassforskrifta sett dei rette rammene for å skaffe til veie meir kunnskap om vassmiljøet og oppnå ein heilskapleg økosystembasert forvaltning av vassområda våre.

Sjølv om vi framleis har langt igjen, har vi fått eit kjempeløft for kunnskapen om vassmiljøet i Norge. Vi har aldri før hatt kunnskap om vassførekomstane tilgjengeleg slik som no i dag gjennom Vann-Nett. Planane som no er på høyring vedkjem i aller høgste grad interesser knytt til natur og friluftsliv og allmenne interesser.

Vi viser til felles høyringsinnspel til alle vassregionmynde frå Norsk Friluftsliv, Norske Lakselver, Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA) og Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN). Vi gjev vår fulle støtte til dette og dei tema dei tek opp.

Vi støtter og fullt opp om Naturvernforbundet sin uttale om sjødeponi og gruveavfall inkl deira rapport om sjødeponi og vassrammedirektivet.

*Vi ser fram til å bidra vidare med å representere dei allmenne brukarinteressene og naturen sin eigenverdi i dei kommande planperiodane.*

### **FNF Sogn og Fjordane sine overordna hovudsynspunkt:**

Styrke og auke finansiering av vassforvaltningsarbeidet for å:

- Styrke kunnskapsgrunnlaget slik at VRM kan sette gode miljømål og strategiar og vidare omsette desse i konkrete tiltak.
- Ein fulltidskoordinator for kvart vassområde i Sogn og Fjordane
- Forbetre Vann-nett, både teknisk løysning og innhald

Tydelegare prioritering av tiltak:

FNF Sogn og Fjordane meiner ein meir tydeleg og sterkare prioritering innan prioriteringane i vassregionen i denne planfasen er ein føremon og kan gje meir effektiv innsats. I neste planperiode kan ein løfta opp andre prioriterte tema med auka satsing på desse.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)

Politisk vilje: Vidare gjennomføring av føreslegne tiltak avheng heilt av tilstrekkeleg politisk vilje til finansiering og gjennomføring. Dette er avgjerande for det vidare arbeidet!

### **Kunnskapsgrunnlaget**

Vi støttar opp om at det er stor trong for problemkartlegging og at det er trong for å styrke kunnskapsgrunnlaget. Vi er og einige i dei punkta som er sett som utfordringar for ei berekraftig vassforvaltning.

### **Prioriteringar i vassregionen**

Vassregionen har ein god liste over prioriterte tema og vi er einige i at desse er dei mest vesentlege. Det vil gjerne vere ein føremon å prioritere enno meir spesifikt no i fyrste planperiode. Vi prioriterer øvst følgande tema som mest viktige i fyste planfase:

- Vassdragsreguleringer og vassdragskonsesjonar som kan reviderast innan 2022
- Habitatforbetrande tiltak (betring av leveområda)
- Landbruk
- Avløp og leidningsnett/reinseanlegg
- Rømt fisk og lakselus
- Grunnvatn
- Arealplanlegging
- (Sur nedbør, når naudsynte midlar er bevilga)

Vassdrag regulert til vasskraft: Vi støtter opp om å tilretteleggje lovverket og spesielt slik at «standard miljøvilkår» kan innførast for alle vasskraftverk før dei kan reviderast!

Vi støtter VRM i å sette ambisiøse mål for vassdrag regulert til vasskraft. Standard miljøvilkår vil vere eit viktig steg vidare for mange vassdrag.

### **1.Sur nedbør**

Vi støtter VRM sitt ønske om meir midlar for å gjennomføre Nasjonal kalkingsplan i aktuelle vassdrag i fylket.

### **2/3. Vassdrag regulert til vasskraft / habitatforbetrande tiltak**

Vi ser det som svært positivt at det vert sett konkrete miljømål i regulerte vassdrag inkl dei prioriterte 1.1 vassdraga. Vi har nokre konkrete innspel til enkelte av desse. Sjølv om metodikk og arbeidet med kost/nytte verdi ikkje er ferdig, meiner vi det er rett å vere så ambisiøs og å starte med å sette konkrete miljømål der kunnskapen tilseier kva mål og tiltak/habitatforbetrande tiltak som bør settast. Dette vil kunne motivere fram vidare arbeid om kost og nytte. Det vil uansett vere vanskeleg å finne konkrete og rettferdige estimat for kost og nytte sidan ein del nytteverdiar er langt vanskelegare å sette kroneverdi på. Vi viser til NOU 2013:10 Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester som støtte for dette synet. Vi støtter at ein sett i gang arbeidet heller enn å utsette det, spesielt der kunnskapen tilseier det. Vurdering av tiltak og trong for endring av desse kan evt reviderast til neste planperiode. Auka nedbørsmengder i framtida (klimaendringa) bør også koma naturmiljøet og allmenne interesser til gode, ikkje berre kraftprodusentane!

Vi er i hovudtrekk einige med prioriteringane frå rapporten til NVE og MD der ein viser til store utfordringar og stor samfunnsnytte ved å gjere tiltak i spesielt Arnafjord- og Viksvassdraget, Aurlandsvassdraget og Jostedøla. Men tiltak i dei andre 1.1 vassdraga er også viktig!

I Luster har me hatt store kraftutbyggingar i Jostedøla, Leirdøla, Dalsdalseva (Kolstadelva) og Fortunselva. Alle er anadrome vassdrag, og utbyggingane har påverka fiskestammene i stor grad.

## **JOSTEDØLA**

I Jostedalsvassdraget har me hatt 2 store utbyggingar, Leirdøla-utbygginga med Leirdøla kraftverk (1979) og Jostedalsutbygginga med Jostedal kraftverk (1990). Desse utbyggingane må ein sjå i samanheng.

I Gaupne har me og 2 betongverksemdar som bør fylgjast opp når det gjeld utslepp til vatn. Betongslam er svært giftig for fisk og andre organismer som lever i vatn.

I tabell 7.7." Oppsummering av resultat fra gjennomgang av vassdrag i Sogn og Fjordane", står Jostedøla i kategori 3 i rubrikk Verdi/påvirkning fisk/fiske. **Denne vurderinga må vera totalt feilslått.**

Tidlegare undersøkingar dokumenterer godt at Jostedøla var ei **betydeleg sjøareelvelv**. Sjøarestamma er relativt grovaksen, den største som er registrert var teken i 1983 og vog 11 kg. Trass i at elva er både kald og slamrik, konkluderte fiskerisakkyndig ved Jostedalsutbygginga, Bjørn Sivertsen, med at tettleik av ungfisk var 4 – 5 gonger større i Jostedøla enn i andre tilsvarande breelvar. Når det gjeld tilveksten seier han og " *I forhold til andre, ikke brepåvirkete elver på Vestlandet, f. eks. Stryneelva, er tilveksten selvsagt lav. Men sammenliknet med en del andre, kalde, mer eller mindre utpregete breelver er veksten i Jostedøla slett ikke dårlig. Saltdalselva og Beiarelva har tilsig fra Svartisen, og har tilnærmet samme varmesum som Jostedøla. Sjørretungene i Jostedøla har likevel betydelig bedre vekst*". (Utbyggingens innvirkning på fisk og fiske i Jostedalsvassdraget, 1988, 6.2.

### Ungfiskundersøkelser)

I den same rapporten heiter det i pkt. 6.4. Avkastning:

"Fiskerikonsulenten for Vestlandet uttalte etter en undersøkelse i 1969 (Vasshaug 1971):

"Elven har mange utmerkede gyte- og oppvekstplasser." "Den lave vanntemperaturen gjør fisken treg og vanskelig til å bite. Hadde fisket foregått med faststående eller bundne redskaper ville fangstkvantumet trolig kommet opp i det tidobbelte" Fiskerisakkyndig Ivar Sægrov antyder i sin rapport til Leirdølaskjønnet (Sægrov 1977) en årlig avkastning varierende mellom 300 og 2000 kg, maks 700kg i gjennomsnitt.

DN (Heggberget & Jensen 1980) angir ikke noe tall, men skriver at de virkelige fangstene er langt høyere enn de oppgitte på ca. 200kg. Sægrov påpeker at Jostedøla trolig er en svært viktig produksjonselv for sjørretfisket i store deler av Sognefjorden"

Hovedproblemet for fisken i vassdraget er slamrikt, kaldt brevatn. Sidebekker utan brevatn og med god vassstemperatur om sommaren har vore viktige gyte- og oppvekstområde for ungfisk i heile dalføret. **Mange sidebekker er tekne inn i kraftveka, og temperaturen i hovedelva er senka med ca. 1°C etter utbygging.**

**Når ein ser på korleis fiskerisakkunnige har vurdert elva, og på kva utbygging har gjort med temperatur i hovedløpet og tørrelgging/ avstenging av viktige sidebekker , må "verdi/påvirkning" oppgraderast til kategori 5.**

I **Leirdøla-utbygginga** vart Tunsbergdalen neddemd og nedslagsfeltet til Leirdøla sterkt redusert. Etter 1989 har vatnet frå kraftstasjonen gått direkte i fjorden gjennom djupvassutslepp i Gaupne. Dette er slamrikt, kaldt brevatn, og fråføringa frå Jostedøla har truleg vore positivt for fisken i den nederste delen av hovedvassdraget.

I ettertid har Statkraft leda restvassføringa i Leirdøla inn i eit gamalt bekkefar og på denne måten laga ei ny anadrom strekning på ca.500 meter. Dette var positivt, men på grunn av svært stor vassføring i den nye bekken når det er overløp på Tunsbegdalsdammen eller stor vassføring i Jostedøla, vert utlagd gytegrus lett spylt ut i hovedelva.

I denne utbygginga vart og **Fonndøla** tatt inn i kraftverket og på djupvassutslepp. Tidlegare var Fonndøla ein **svært viktig** gyte og oppvekstbekk bae for laks og sjøaure. Dette vart det ikkje teke det minste omsyn til under utbygginga, og når ein ser på det i ettertid er det heilt ufatteleg at ei relativt nyare utbygging kunne bli gjort på ein så omsynslaus måte. Før utbygginga var dette ein stor bekk som rann i svingar på det flate partiet ned mot hovedvassdraget. Elvebotnen var tett og det var alltid vatn. Jostedalsvegen gjekk på ei bru

med vanleg elvebotn under. Folk i Gaupne kan framleis fortelja om at det tidlegare vart fanga mykje både laks og sjøaure, og at der var mykje yngel og småfisk. Uni miljø har og opplyst at dei trass i den store ødelegginga, har funne lakseyngel i bekken i nyare tid. Under utbygginga vart vatnet teke inn i 2 bekkeinntak **utan krav til minstevassføring**. Dessutan vart bekken retta ut på praktisk talt heile den anadrome strekninga, og gravinga førde med seg at elvebotnen vart opna opp slik at lange strekningar vert tørrlagde når vassføringa er lita. Ein annan bekk (Langedøla) som renn ut i Jostedøla like ved vart lagt i røyr ned til hovedelva. Der var det og gyting tidlegare. Vegbrua måtte forsterkast i anleggsperioden, og under den nye brua vart det laga ei stor betongplate som er ei effektiv fiskesperre bortsett frå når det er kraftig flaum i bekken. **På lita vassføring** renn alt vatnet i grunnen under plata og ho er heilt tørr. Når det renn vatn på plata er det fordelt over ei så stor flate at det vert alt for grunt. Medlemer i LJF har sett fisk som har pressa seg opp over betongen med halve fisken over vatnet. Dessutan har me årvisst sett yngel på oppsida av vegen. Det aller meste av yngelen og truleg og rogn, kreperer kvart einaste år på grunn av vassmangel. Desse tiltaka i Fonndøla var på ingen måte naudsynte, og brua kunne blitt laga utan betongplate på elvebotnen.

Den anadrome strekninga i Fonndøla er ikkje så svært lang, ca. 180 meter, men me vil understreka at dette tidlegare var eit viktig gyte og oppvekstområde med god vass temperatur. Å laga ny bru er kostbart, men eg har diskutert dette med lokalt tilsette i Mesta, og har fått opplyst at ein kan saga ut ei renne i plata der fisk kan passera. Minstevassføring må til, men fallhøgda er vesentleg mindre enn til dømes i kraftstasjonen på Myklemyr.

*Sjå vedlegg I,II Fonndøla for fotodokumentasjon.*

I **Jostedalsutbygginga** vart det laga eit stort magasin ved Styggevatnet, og vatnet førd gjennom tunell til kraftstasjonen på Myklemyr, og derifrå til djupvassutslepp i Gaupne. Dette var i all hovedsak brevatn. Alle litt større bekker på austsida av Jostedalen frå Styggevatnet til Vigdalen vart tekne inn som bekkeinntak i høgfjellet. Dette var stort sett bekker utan eller med lite brevatn. Før utbygginga vart det kalkulert med at etter utbygging ville vass temperaturen i Jostedøla stiga med om lag 1°C. Resultatet vart at temperaturen fall om lag 1°C. I svært mange laks/sjøaureelvar hadde ikkje dette hatt så store konsekvensar, men i Jostedøla var det svært uheldig. Temperaturen var på førehand så låg at laks, som ein reknar krev minst 7°C for å reprodusera, hadde store problem med å klara seg. Før utbygginga fann ein ca. 5% lakseyngel, i dag er det opplyst at det er ca. 2% lakseyngel. Sjøauren greier låg temperatur betre, og har derfor alltid vore dominerande art i den anadrome sona.

I samband med Jostedalsutbygginga vart Statkraft pålagd å bygga fisketrappar mellom Alsmo og Myklemyr. Flaumar i elva har bygd desse trappene om slik at dei i dag er totalt endra i høve til korleis dei var i utgangspunktet. Litt fisk går framleis forbi på høveleg vassføring, men trappene fungerer ikkje tilfredsstillande. Ein viktig faktor i dette bildet er temperatursenkinga på ca. 1°C etter utbygging. Når elva vert så kald har fisk vanskeleg for å forsera relativt enkle stryk, og dette stiller store krav til ei fisketrapp. Vert trappene bygd om og reparert slik at dei fungerer vil fisken få tilgang til fleire gode sidebekker og gyteområde ovanfor trappene.

Kvernelvi på Alsmo med ein tilknytt dam var tidlegare eit viktig oppvekstområde. I seinare år har både dammen og bekken blitt sterkt nedslamma og meir eller mindre ueigna som oppvekstområde. På Alsmo har ein i lang tid hatt dei viktigste gyte- og oppvekstområda i sjølve hovedløpet. I dette området var det vinteren 2013/2014 ei omfattande men nødvendig flytting av lausmassar for å redusera flaumfaren. Etter kvart må ein sjå på korleis dette har influert på gyte/oppvekstområda, og om ein eventuelt kan restaurera deler av Kvernelvi.

### **Kjemisk ureining**

I Gaupne er det to betongverksemdar som begge opp gjennom åra har forureina både hovudløpet og sidebekken Kvernelvi på Røneid med til dels store mengder betong. Betong er

svært giftig for fisk og andre botndyr, og verksemdene må fylgjast opp slik at dette til ei kvar tid er under kontroll.

### **Oppsummering**

1. Verdi/ påverknad av fisk/fiske i Jostedøla må oppgraderast til kategori 5.
2. Det må innførast minstevassføring i Fonndøla. På den anadrome strekninga må det lagast tersklar som held på gytegrus.
3. Fisketrappene må revurderast av ekspertise på området, reparerast og eventuelt ombyggast. Fisketrapper er eit konsejonskrav, det må og vera eit vilkår at dei fungerer og vert vedlikehaldne.
4. Alle vegkulvertar i heile Jostedalen må vurderast og setjast i stand slik at fisk kan gå opp og gyta. (På grunn av vasstemperaturen i hovedelva er sidebekkene svært viktige både på anadrom og ikkje anadrom strekning.) . Det aller viktigaste punktet er kulverten i Fonndøla.
5. Me reknar med at det i samband med gjennomgang av vassdraga vert krav om minstevassføring frå Styggevassmagasinet. På grunn av temperaturtilhøva er det svært viktig at dette er overflatevatn

### **Dalsdalselva**

I Dalsdalselva i Luster har ein i dag to kraftverk, Kvåle kraftverk og Sage kraftverk. Kvåle kraftverk vart sett i drift i 2009. Det er krav om svært lite minstevassføring mellom inntak og utløp frå Kvåle kraftverk. Denne strekninga er svært bratt like ovanfor utløpet frå Kvåle kraftverk. Eldre fiskarar opplyser at tidlegare hadde ein gode gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure lengre oppe. Det er usikkert og tvilsomt om denne strekninga i det heile er tilgjengeleg for anadrom fisk i dag. Frå Kvåle kraftverk og ned til sjøen, ei strekning på 500 - 600m er elva kanalisert med storsteina elvebotn. I motsetning til dei andre større vassdraga i Luster har denne elva ikkje brear i nedslagsfeltet, og vatnet er derfor klart og har god temperatur. Slik me ser det har elva potensiale til å verta ei god fiskeelv med vesentleg betre produksjon enn i dag. Ekspertise på området bør sjå på elva og vurderast tiltak. Det viktigaste er etter vår meining å leggja ut gytegrus på ein slik måte at han held seg i elva. Dette må gjerast i samband med bygging av tersklar i området mellom Kvåle kraftverk og sjøen. Dessutan må det og leggjast til rette for at fisken på nytt kan ta i bruk området mellom utløpet av Kvåle kraftverk og tidlegare naturleg vandringshinder.

### **Fortunselva**

Skagen kraftverk vart bygd for ca. 50 år sidan, det er utenkeleg at dette kunne blitt gjort på same måten i ei lakseelv i dag, utan krav om minstevassføring framom stasjonen, og heller ikkje omløpsventil i kraftverket. Det siste ville ha hindra stranding og fiskedød ved stopp i kraftverket.

Hydro har for tida inne søknad om bygging av Øyane kraftverk. Vert denne utbygginga gjennomført vil det forsterka problema kraftutbygging har påført fisken på den anadrome strekninga i elva.

Problema er vesensforskjellige ovom og nedom eksisterande kraftverk. Ovom kraftverket er er det for lite vatn, og særleg på den øvste delen frå Bjørk og så langt laks og sjøaure kan gå har ein dei fleste vintrar lange strekningar som er heilt tørrlagde. Omfattande fiskedød på denne strekninga om vinteren er godt dokumentert. Her må ein gjera tiltak slik at ein får vassdekt areal i elvesenga både vinter og sommar. Dette må gjerast som ein kombinasjon av minstevassføring, terskelbygging og andre tiltak i elva. Dette må sjølvst og gjelda framom eit eventuelt Øyane kraftverk. Etter dei siste planane til Hydro skal det sleppast vatn forbi inntaket om sommaren slik at Spitarfossen vert større i turistsesongen. Dette vil truleg lokka meir fisk inn i den 800 m lange anadrome sona framom utsleppet frå kraftstasjonen. Etter

planane vert denne strekninga praktisk talt tørr om vinteren, og fisken bortsett frå i den heilt innerste hølen truleg dødsdømd.

Nedom kraftverket blir det produsert lite fisk, og Rådgivende biologer, som har undersøkt elva i mange år, har i stor grad skulda på kaldt og slamrikt vatn. Dette kan ikkje vera heile forklaringa. Ser ein til dømes på gytefisketellinga i 2012 var det berekna at det var om lag like mykje laks- som aureegg i elva nedom kraftverket. I 2013, då desse eggja var klekka, var der vesentleg meir laks enn aureyngel. Aure klarar kaldt vatn langt betre enn laks, og dersom det berre var vasskvaliteten som var minimumsfaktor, hadde tilhøvet vore omvendt.

I kraftverket er det utstrakt effektkjøring med raske svingingar i vannføringa. Dette foregår i stor utstrekning om natta i vinterhalvåret. Dette er utan tvil svært skadeleg både for fisken og næringsdyra. Dette går særleg ut over auren, som brukar grunnare område enn laks både som gyte- og oppvekstområde, og kan vera ei forklaring på den låge fiskeproduksjonen og at ein paradoksalt nok finn meir laks enn aureyngel.

Det er ikkje omløpsventil i kraftverket. Dette er svært uheldig, og ved utfall av kraftverket dett vassføringa sterkt. Det er angitt at gjennomsnittleg årsvassføring nedom kraftstasjonen er 28,5m<sup>3</sup>/sek, krav til minstevassføring nedom kraftverket er 3,75m<sup>3</sup>/sek. Eit slikt utfall resulterer i massedød av småfisk og yngel. Me hadde ein slik situasjon sommaren 2014, og det vart observert mykje stranda yngel.

Gassovermetting kan og vera eit problem for fisk nedom kraftverk. Me kjenner ikkje til kva undersøkingar som eventuelt er utført på dette området i Fortun, med kraftverket har ei svært høg trykksjakt, og kan derfor vera utsett. Dette bør ein ha kontroll på, og gjera tiltak dersom det er naudsynt.

I regulerte elvar med endra vassføring og færre flaumar, har elvebotnen lett for å verta tilslamma og hardpakka slik at fisken ikkje får grava ned rogn.

Me reknar med at det i samband med revisjonen kjem krav om minstevassføring i elva. På grunn av temperaturtilhøva er det viktig at dette vatnet ikkje er brevatn, særleg viktig er dette dersom Øyane kraftvert vert realisert. I så fall mister ein oppvarming av vatnet mellom inntaket og kraftstasjonen, og temperaturen ved utløpet fell frå ca. 9°C til ca. 7,5°C. i den perioden yngelen skal veksa om sommaren. Dette er i grenseland for lakseyngel, og brevatn på toppen vert truleg katastrofalt for elva si evne som sjølvrekrutterande lakseelv.



Fortunselvi - vinteren 2013 med låge temperaturar og lite vatn, gav stor fiskedød.

## **Konklusjon**

1. Det må innførast tilstrekkeleg minstevassføring på heile den anadrome strekninga. Vatnet må hentast frå Middalen (ikkje brevatn frå Fivlemyr).
2. Framom stasjonen må det gjerast tiltak i elveleiet slik at der ikkje vert turrlagde parti om vinteren.
3. Det må innførast meir forsiktig opp og nedkjøring av kraftverket ved effektkjøring.
4. Dersom det er teknisk mogeleg må det byggast omløpsventil i kraftverket.
5. Ein må ha kontroll med at gytetilhøva er gode og gjera tiltak når det er naudsynt.
6. Det må avklarast om området nedom kraftverket er utsett for gassovermetting.

Vi ber om at føreslegne og fagleg begrunna tiltak vert tekne med inn i tiltaksprogrammet for dei gjeldande vassdraga i tillegg til det som alt står i programmet!

Nokre av organisasjonane vil levere innspel til revisjonsprosessen for nokre av vassdraga. Vi har ikkje innvendingar til prioriteringa av vassdrag sett i kategori 1.1 og 1.2 .

Når det gjeld Jostedøla kjem vi med begrunna forslag til tiltak utover «fungerande økosystem». Elles støtter vi opp om dei miljømåla som er sett for revisjonsvassdraga. Det er gjort mange gode tiltak i fleire av desse vassdraga med god effekt og det er viktig at ein framleis søker mot vidare forbetringar. Til vedlegg 3 om mindre strenge miljømål meiner vi at det bør settast miljømål for Grandfasta 075-131-R lik Levedyktig bestand av laks/aure, sikre habitatforhold for gyting og oppvekst, samt eit vassføringsregime som sikrar standard miljøvilkår. Dette vil vere naturleg å sette no i samband med nye vilkår knytt til fornya konsesjon for Grandfasta.

### **3. Habitatforbetrande tiltak**

Vi støtter opp om føreslegne tiltak, desse er viktige og ved ein del kan ein oppnå store forbetringar ved enkle tiltak. Samordning og samarbeid mellom sektorane vert viktig. Ved planlegging av nye tiltak bør beste praksis nyttast etter NML.

### **4. Landbruk**

Nordfjord vassområde fekk fram mykje viktig kunnskap etter problemkartlegging i vassområdet (Asplan Viak ved Anders Yri) og vi oppmodar andre VO om å sette av midlar til tilsvarende prosjekt. Vi støtter opp om prioriterte tiltak og trong for auka midlar til støtteordningar. Vi ser og at enkelte vassdrag har ekstra store utfordringar grunna mangel på eller låg minstevassføring og etterlyser ein kopling mellom vassføringsregime og ureining, t.d. i Hopra i Vik.

### **5. Avløp og leidningsnett**

#### **Kjemisk ureining:**

Luster, Indre Sogn: I Gaupne er det to betongverksemder som begge opp gjennom åra har forureina både hovudløpet og sidebekken Kvernelvi på Røneid med til dels store mengder betong. Betong er svært giftig for fisk og andre botndyr, og verksemdene må fylgjast opp slik at dette til ei kvar tid er under kontroll.

Når det gjeld ureining frå punktkilder, diffus avrenning og påverknad på kystvatn ønsker vi at Fensfjorden og sørvestlege område i Gulen får god oppfølging og problemkartlegging (viser til tidlegare melding om ureining med fotodokumentasjon til VRM og YSVO september 2013, *sjå vedlegg III fotodok.*)

### **6. Ureina sediment**

Vi støtter opp om prioritering av tiltak og refleksjonane gitt i tiltaksprogrammet.

## **7. Eldre nedlagte avfallsdeponi**

Positivt at ein prioriterer problemkartlegging av sig frå eldre deponi.

Det bør og kartleggast sig og handtering av sig frå avfallsdeponia som no er i bruk.

## **8. Framande arter i ferskvatn**

Vi støtter opp om prioritering av tiltak.

## **9. Arealplanlegging**

Vi støtter opp om prioritering av tiltak og viser til kommentar under vidare arbeid om verknad av regional plan.

## **10. Lakselus og rømt oppdrettsfisk**

Det er viktig at det kjem ein snarleg avklaring på korleis dei biologiske påverknadsfaktorane frå fiskeoppdrett skal inkluderast i vassforskrifta. At oppdrettsnæringa sine interesser går føre miljøtiltak for å bevare villaksen er heilt uakseptabelt. Det er også heilt klart i strid med regjeringa sin eigen villakspolitikk. Omfanget av utfordringar knytt til fiskeoppdrett er godt kjent og konsekvensane av desse er urovekkande for alle som er opptekne av den miljømessige helsetilstanden i elvane og fjordane våre.

Vi meiner at dersom ein ikkje inkluderer oppdrett som påverknad i forvaltninga av vassområde Sogn og Fjordane, vil ein heller ikkje klare å oppnå målsettinga om «... reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Sogn og Fjordane», skildra i kap. 1.1. «Formål med planen» i høyringsdokumentet, i dei områda som i dag er påverka av oppdrett. Dette fører til at vassforvaltningsplanen sin legitimitet svekkas. God forankring vert også vanskelegare å oppnå når problemstillingane som er så viktige for folk ikkje vert tekne omsyn til.

Vi viser til brev frå Sogn Villaksråd til Klima- og miljøminister Tine Sundtoft 03.03.2015 og vi gjengir deler av brevet her:

*«Lusesituasjonen er i perioder dramatisk negativ for sjørreten i den ytre delen av Sognefjorden, på store deler av Vestlandskysten og for området Namsen/Vikna. Dette fremgår av Havforskningsinstituttets registreringer i 2014.*

*For Rogaland, Hardanger, Sognefjorden, Ørsta, Romsdal, Namsen/Vikna hadde mellom 70% og 100% av sjørreten mer en 0,1 lus per gram fiskevekt.*

*Se forøvrig vedlagte brev sendt Nærings- og Fiskeridepartementet*

*Dersom > 30 % av fisken har mer enn 0,1 lus per gram fiskevekt vurderer Havforskningsinstituttet sannsynligheten for død og bestandsreducerende effekt som høy. Lusesituasjonen lyser rødt langs store deler av kysten, og det er et tidsspørsmål når sjørreten må settes på rødliste med fare for utryddelse.*

*Dessverre så viser ikke Havforskningsinstituttets registreringer det totale infeksjonsnivået på sjørreten. Vintersituasjonen er i perioder like ille som i sommerhalvåret, dette er dokumentert ved registreringer utført av Sogn Villaksråd og UNI MILJØ, Universitetet i Bergen. Vinteren 2014 var spesielt urovekkende, hvor 100% av fisken registrert i februar/mars i den ytre delen av den Nasjonale Sognefjorden hadde lakselus. 254 lus i snitt pr fisk, og maksimalt 759 lus på en fisk. 58,3 % av fisken hadde over 0,1 lus per gram fiskevekt.*

*Sitat fra de kongelige resolusjonene 11.06.2010*

*Når det gjeld tiltak mot påverknader frå akvakultur vert regjeringa sin [Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring lagt til grunn](#). Strategien skal i denne samanheng*



vere nasjonal retningslinje for den regionale planlegginga. I strategien er **særlig rømming, utslipp av næringssalt og fiskesjukdommar, under dette lakselus, vektlagt som dei viktigaste miljøutfordringane i dag og i den næraste framtid.** Mål og tiltak på disse områda er derfor særlig relevante for utarbeiding av dei neste forvaltningsplanane. Det følger av vassforskrifta at fiskeristyresmaktene har ansvaret for utgreiing av forslag til tiltak samt premissa for fastsetting av miljømål.

Sogn Villaksråd var fortsatt bekymret for utviklingen og gjorde i 2011 en henvendelse til Borghild Tenden, Venstre som tok opp vår bekymring i Stortinget med spørsmål til miljø og utviklingsminister Erik Solheim.

Sitat Erik Solheim: ” Jeg kan bekrefte at alle påvirkninger, inkludert biologiske, skal avveies og inkluderes i karakteriseringen som en del av arbeidet med de nye forvaltningsplanene etter vannforskriften. Dette vil innebære en del endringer i håndteringen av akvakultur i forhold til forrige planperiode. Regjeringens strategi for miljømessig bærekraftig havbruksnæring, som omhandler alle relevante påvirkninger, skal ligge til grunn for tiltak mot påvirkning fra akvakultur. Strategien skal i denne sammenheng være en nasjonal retningslinje for den regionale planleggingen.

#### Hva har skjedd videre i 2015

Sitat fra Tiltaksprogrammet til Sogn og Fjordane vannregion 2015: Påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk på laks- og sjøaurebestandane er satt til ukjent påverknadsgrad Dette gjelder ikke bare Sogn og Fjordane, men alle vannregionene.

Sogn Villaksråd er kjent med at bak ukjent påverknadsgrad ligger det politisk vedtak som er pålagt sendt ut til vannregionene.

#### Merking og sporing av oppdrettlaks.

Viktigheten av merking av oppdrettlaks har vært påpekt utallige ganger i Stortinget her nevnes noen:

St. prp. nr 79 (2001-2002) Opprettelse av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder

Innst. S. nr 134 (2001- 2002) Innstilling til Stortinget fra energi – og miljøkomiteen

St. prp. nr. 32 (2006 – 2007) Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder.

Innst. S. 183 (2006 – 2007) Innstilling til Stortinget fra energi og miljøkomiteen.

Behandlet i Stortinget 15.mai 2007

Vi viser også til Riksrevisjonens rapport fra 2011/2012 som konkluderte med at veksten i havbruksnæringen så langt ikke har vært i tråd med Stortingets forutsetninger om miljømessig bærekraftig vekst.

#### Oppsummering.

I løpet av et års tid har over 200000 laks og regnbueørret rømt i nærområdene til Sognefjorden. Mye av denne fisken går opp i vassdragene og påvirker genetisk.

Havforskningsinstituttet har vitenskaplig dokumentert påvirkningsgrad. Det er for oss uforståelig at politisk ledelse i departementet mener oppdrettsfisk har ukjent påvirkningsgrad. Det mangler konkrete tiltak med merking og sporing av rømt fisk. Sogn Villaksråd mener det er svært beklagelig at lite eller intet skjer selv om Stortinget og Riksrevisjonen har påpekt problemene. Teknologien finnes. Millioner av stillehavslaks er merket med godt resultat. Jf. North Vest Marin Technology i USA. Med litt tilpassning kan teknologien tilpasses norske forhold og utføres samtidig som fisken vaksineres.

Lakselussituasjonen på Vestlandet er ute av kontroll, det lyser rødt langs hele Vestlandskysten. Det er et tidsspørsmål når sjørreten må settes på rødliste for ikke å bli utryddet. En lusegrense på 0,5 hunnlus per oppdrettsfisk hjelper lite når antall fisk i oppdrett

*stadig øker. Lusegrensen er for lengst gått ut på dato. Handlingsregler må ha som målsetting at innen en rimelig tid skal all lus fra oppdrettsanlegg, all rømming og alle utslipp av næringsalter og miljøgifter være fjernet.*

*En 0-visjon*

*Det er svært beklagelig og lite troverdig at det politisk legges opp til at påvirkning fra rømt fisk og fra lakselus ikke skal tas med i vannregionenes forvaltningsprogram og forvaltningsplaner.*

*Havforskningsinstituttets har på en vitenskaplig måte foreslått indikatorer og påvirkningsgrad fra lakselus og rømt oppdrettsfisk på bestandene av laks og sjørøret. Disse indikatorene må nå legges til grunn.»*

## **11. Grunnvatn**

Vi støtter opp om prioritering av tiltak. Dette er ein svært viktig ressurs som det er viktig å prioritere, både med innhenting av kunnskap og problemkartlegging.

Drikkevasskjelder treng særskild beskyttelse.

### **Vidare arbeid**

Vil vil her minne om PBL §8-2. om verknad av regional plan:

«Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.»

I dette ligg det at eit gyldig planvedtak skaper forpliktingar for offentlege myndigheter og organer til å søke å følge opp og gjennomføre planen. Ein regional plan har liten hensikt om den ikkje følges.

Forpliktinga gjeld både for kommuner, statlege organ og regional planmynde sjølv.

Vi føresett at vannregionmynda legg dette til grunn og tar utgangspunkt i at planen skal vere sektorovergripande og bidra til heilhetlig planlegging i tråd med intensjonen i vassforskrifta.

Og vidare legge tilsvarende vekt på at dersom ein etat i sin planlegging fraviker miljømåla som er sett i regional vassforvaltningsplan gjev det grunnlag for å fremme innsigelse til dei aktuelle arealplanene. Vi etterlyser at dette reflekteres tydeleg i planene etter at høyringsperioden er over.

Det er viktig å halde på vassområdekoordinatorene i vassområda. Koordinatorene sitter på stor kunnskap og kompetanse. Det er også viktig å legge til rette for betre stabilitet og kompetanse i alle vassområda og vi roser VRM og SFFK for initiativ til å styrke dette ved vidare tilsettingar. For det vidare arbeidet ville det vore ein styrke om kvart vassområde fekk ein heil stilling dedikert til dette arbeidet. Halve, men samanslegne stillinger er eit steg på rett veg!

Vi ønsker fylkeskommunen lykke til i det vidare arbeidet!

Med venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle  
koordinator

Luster JFF/Sogn Villaksråd  
Olav Hermansen